

## Turist-anlegga: Motsegn frå fylkesmannen

15.06.2008



Fylkesmannen har sterke innvendingar mot denne planen på fleire punkt. Det gjeld ikkje minst områda C3 og F3. Ved å ta ein kopi av planen ser ein betre kva saka gjeld.

**Slik framlegget til reguleringsplan for turistanlegg i osen til Uskedalselva no ligg føre er det i strid med den nasjonale, arealpolitiske føringa for strandsona. Difor fremjar fylkesmannen motseggn mot oppstillingsområdet for campingvagnar (C3), køyreveg og parkeringsplass i friluftsområdet lengst vest i planområdet. Fylkesmannen rår også sterkt ifrå utvidinga av herberge- og bevertningsføremålet (F3).**



Dette er område C3 som fylkesmannen har sterke meiningar om. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fylkesmannen slår fast at delar av framlegget er i strid med overordna plan. Mellom anna gjeld dette herberge/bevring (F3) i LNF-område, utviding av småbåtføremålet (Båt 5) samt campingføremål (C3) og parkering i friområde. Etter hans syn er planarbeid i strid med overordna plan prinsippielt uheldig.



Og dette er område F3 som fylkesmannen har sterke meiningar om. /Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det har vore lagt ned mykje arbeid for å få fram eit planframlegg som partane kan semjast om, skriv fylkesmannen. Likevel kunne sjølve planen med fordel vore betre opplyst. Det går ikkje fram av plankartet kva som er ny og kva som er eksisterande arealbruk. Det ligg heller ikkje føre nokon planskildring frå forslagsstillar. På fleire punkt er det ikkje samsvar mellom plankart og teiknforklaring samstundes som planen avvik frå gjeldande norm for planframstilling. Kommunen burde sett til at slikt var på plass før utleggjing til offentleg ettersyn.

Området C3 er allerede i bruk til campingvagnar og det er gjeve pålegg om fjerning men dette er sett "på vent" til sin ser korleis arealet vert regulert. Fylkesmannen er kritisk til at planen legg opp til å vidareføre campingvognoppstillinga på neset som i dag er eit friområde. Dermed blir friområdet redusert i omfang og kvalitet. Det vil vere i strid med omsynet til friluftssinteressene å regulere inn køyreveg og parkeringsplass her. Campingvagnar midt i friområdet vil og medverke til at neset i større grad vert oppfatta som reservert for campingturistar.

Det er eit nasjonalt mål at strandsona skal sikrast som verdifullt natur-og friluftsområde med tilgjenge for ålmenta og fylkesmannen meiner det er svært uheldig at planen legg opp til det motsette. Difor femjer fylkesmannen motsegn mot framlegget til campingplass (C3), køyreveg og parkeringsplass i friområdet ytst på neset.

Når det gjeld vegnettet bør ein etter fylkesmannen si meining vurdere å la vegen langs vassdraget verte gangveg i staden for køyreveg, Det er viktig at friluftsområdet og badeplassen på neset får trygg og sikker tilkomst gjennom planområdet.

Det hadde også vore ein fordel om planen også hadde omfatta eksisterande småbåthamn lengre nord,

Utbyggingsområde for herberge og bevertning (F3) vil beslagleggja 6 dekar fulldyrka mark. Fylkesmannens landbruksavdeling rår sterkt ifrå den delen av framlegget som opnar for herberge og bevertning og minner om at det er eit kommunalt ansvar å passe på at dyrka og dyrkbar jord ikkje vert bygt ned.

Av Ola Matti Mathisen